

Til berørte pasientar

Korleis går eg fram dersom eg har behov for reise med rekvisisjon i eit tidsrom på dagen der avtalen om køying av pasientreiser i området ikkje gjeld?

Rekvisisjonen er framleis din dokumentasjon på behovet for tilrettelagt transport

- Din behandlar vurderer det medisinske behovet ditt og rekvirerer reisa di i forkant
- Dersom det manglar rutegåande transport på strekninga kan du ha rett på rekvisisjon på trafikalt grunnlag - kontakt pasientreiser på tlf. 05515

Reisa

- Du må sjølv bestille/ordne transport og legge ut for reisa
- Husk å ta vare på kvitteringa for betalt transport

Søk om dekning av reiseutgifter

- Du kan søke dekning av reiseutgifter inntil 6 mnd. etter reisa
- Du kan søke digitalt på <https://helsenorge.no/pasientreiser> eller på papirskjema. Skjema og konvolutt er tilgjengeleg på dei fleste behandlingsstader.
- All informasjon du treng for å søke finn du på <https://helsenorge.no/pasientreiser>
- Du må legge ved kvittering for betalt transport ([kan lastast opp når du søker digitalt](#))
- Rekvisisjonen følger automatisk søknaden din om dekning av reiseutgifter og dokumenterer behandlaren din si vurdering av ditt behov.

Hjelp og rettleiing

- Du kan få hjelp til utfylling av reiserekningsskjema:
 - på <https://helsenorge.no/pasientreiser>
 - ved å ringe pasientreiser på tlf. 05515
 - eller ved å oppsøke skranken til pasientreiser i pasientventearealet i 0.etg i Sentralblokken på Haukeland Universitetssjukehus (<https://finnefram.helse-vest.no/?site=HUS&informasjon=1>)
- Du kan sjå dine rekvirerte reiser ved innlogging på <https://helsenorge.no/pasientreiser>

Lurer du på noko?

Ta kontakt med Avdeling for pasientreiser på tlf. 05515

pasientreiser@helse-bergen.no